

Me fraahaldsfolk

Tone: Godag godt folk i stova

1) Me fraahaldsfolk hev tenkt os
me eingong sigra maa
naar drykkjen den hev skremt os
vor von er vore daa
naar folkje sjølv ser faaren
aa tenkje fram aa bak
so kjeme sjølve daaren
aa tek eit grepa tak

2) Da er no denne syra
som brenne aa hev brent
aa brenner i da dyra
uhyre stor procent
den valdar altid møda
den avlar synd aa sut
de' den me vilja øyda
aa faa or lande ut

3) Me hava skular gjæve
aa mange fraahaldslag
ja mange av dei heve
gjort mykje for den sak
ein hev seg soleis *dona*
hev fare sagleg fram
aa difor hev me vona
me sigra skal engang

4) Da er eit grepa yrkje
sjølv um da gjenge smaatt
aa deri finn ein styrkje
da er for noko godt
me heve røyst vor fana
aa sett os denne kos
aa fjelge vegar bana
for ædruskap aa ljøs

5) Me gjenge fram i sanning
me hev Vorherre med
so store ord aa banning
som røyk aa oska æ
so sjølv um digre herrar
dei stratta os imot
i alle vegar sperra
so reknast da for skrot

6) Um dei er hug aa tyngja
vil vria um aa snu
daa like klaart me syngja
vor fremadmars i tru
det norske folk dei trengja
dra inn paa ædru veg
aa kvar sin munn maa stengj
for syra meinar eg

7) Farvel du brennesyra
kvar fnugg av din respekt
i blute hol paa myra
eg ville du var sekt
du nok av liv hev tekje
du nok av naud har skabt
vel um du kom paa rekje
aa totalt øydelagt

8) Gud gjev kvar mann aa kvinna
maa gjeva sanning rum
aa verta arleis sinna
imot sligt styggedom
so mang ei mor vil verta
aa mang ei kona med
so glad i insta hjarta
aa finna husefred